

Seks lag frå Austlandet jaktar på breimshjort

Breimning gjer guida hjortejakt til næring



FØRSTE JAKT: I går leverte Knut Førde (t.v.) dei første hjorteskrottane til partering hos Vereide Kjøtt. Jegerane Johnny Grønnerud og Roy Johansen er nøgd med utbyttet etter to dagers jakt. Ein bukk, ei kolle og ein kalv er felte så langt. Foto: Svein Heggheim

Knut Førde er har jakt som sin store lidenskap. No satsar breimingen på guida hjortejakt og opplever stor respons på tilbodet om femdagars hjortejakt i Breim – med privat overnatting og fullpensjon.

GLOPPEN

Svein Heggheim
svein.heggheim@firda.no



– Responsen har vore nær overveldande, og på sikt håpar eg det skal gje inntekt som står i forhold til arbeidsmengda. Men i denne fasen handlar det aller mest om idealisme, seier Førde.

Troféjakt uaktuell

Mellom 40 og 50 jaktlag signaliserte interesse for guida hjortejakt i Breim, og denne hausten skal seks av dei jakte og bu i Breim i fem dagar. Det første jaktlaget inntok bustadhuset til Knut Førde laurdag, og i går vart

dei tre første skrottane leverte til partering hos Vereide kjøtt.

– Eg har sett klare restriksjonar på jakta, mellom anna er det ikkje lov å skyte bukkar med meir enn fem taggar. Hadde eg opna for troféjakt hadde nok langt meir enn desse seks laga slege til, seier mannen som saman med naboen disponerer 3,7 hjorteløyve, men som gjennom leigeavtaler med grunneigarar i Byrkjelo-området har sikra seg rundt 50 løyve. 24 av desse legg han i potten og tilbyr guida jakt. Jegerane bur heime hos guiden, og Førde lagar også all mat til dei tilreisande jegerane. Dei resterande løyva er tenkte til eiga jakt og jakt saman med det lokale jaktlaget «Både natt og dag».

Stort potensial

Førde har kjøpt eit lite småbruk, men læraren har ingen ambisjonar om å bli bonde. Han ser derimot eit stort potensial i å utnytte naturressursane i området. Første trinnet i raketten er guida hjortejakt, det neste kan bli utleigehytter og opplevingspakkar knytte til fiske og friluftsliv.

– Her ligg store ressursar, og

det handlar om å utnytte dei best mogeleg, seier Førde. Han trur ikkje på dette som heiltidsjobb, men likar tanken på kombinere sin store lidenskap med eit sesongprega nisjeprodukt. Dette er også det langsiktige målet for den friluftinteresserte breimning.

Plass også til lokale jegerar

– Eg har høyrte kritiske røystar

om at lokale jegerar blir utestengde av det som kan kallast eksklusiv jakt. Dette oppfatar eg ikkje som noko problem, og ein del av avtalene med grunneigarane omfattar opplæring. Dermed er håpet at interessa for jakt blir ført vidare også i neste generasjon, seier Førde.

Denne hausten er hans aller første som jaktguide i eit syste-

matisk opplegg. Han prøvde seg litt i fjor haust, men i år har Førde satsa på marknadsføring og jobbing inn mot potensielle kundar.

– Det er mykje jobb, men det er moro, og på sikt håpar eg å få betalt for arbeidet, seier mannen som også tilbyr kundane synfaring i området for dei signerer kontraktane endeleg.

Debuterer som hjortejegerar

– Hjortejakta er fasinierende, og naturen her er berre fantastisk.

Johnny Grønnerud og Roy Johansen kom frå Kongsvinger til Breim for å jakte på hjort for aller første gong. Og har jegerane nær full pott etter to dagars jakt.

– Eg fylte min kvote fire minutt over seks søndag morgon, og kunne for så vidt reist heim same dag. Men det er moro å vere med vidare, seier Grønnerud.

Jaktkamerat Roy Johansen har enno ikkje felt sin hjort, men er overtydd om at også han skal

lukkast før hans tilmålte jakttid er over torsdag ettermiddag.

– Her er mykje hjort, kommenterer han. Begge er røynde jegerar med fleire års fartstid med elgjakt på heimtraktene. Grønnerud har også vore på villsvinjakt i Canada, medan Johansen har satsa meir på ulike jakttypar i Danmark.

– Men hjortejakta er spesiell, og fasinierende, og vi hadde ikkje hatt sjans på å felle dyr utan tilbod om guida jakt. Både dyr og terreng er ukjent, og det krevst rutine og lokal kunnskap for å få

dyra på skothald. Og det var ei spesiell kjensle å skyte sin aller første hjort, seier Grønnerud.

Også ein jeger frå Nesbyen var med i jaktlaget, men tysdag sette han kursen heim etter å ha fylt sin kvote på ei kolle og ein kalv.

– Eit dyrt opplegg? – Jakt er kostbart, og vi reknar ikkje kilopris i ein slik samanheng. Dette er ein hobby vi vel å bruk tid og pengar på. Då er totalpakken avgjerande, og dette freistar til gjentakning, utan at vi har bestemt oss sikkert for om vi kjem attende neste år, seier Johnny Grønnerud.